

Fra: "Røldal Grunneigarlag" <roldalgrunneigarlag@gmail.com>
Sendt: onsdag 23. oktober 2024 15.36.16
Til: "Steinar Lund" <stlu@nve.no>; "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Kopi: "Silvia Gundersen Kristiansen" <silk@nve.no>; "Postmottak e-post" <postmottak@ullensvang.kommune.no>; "Ole Jørgen Jondahl" <ole.jorgen.jondahl@ullensvang.kommune.no>
Emne: Dam Valdalen i Røldal - sak 202412819 Flaumoverløp
Vedlegg: Oppfordring til Ullensvang kommune vedkomande Hydro sine planar om arbeid på Valdalsdammen.pdf, Flaumhandtering i Røldalsvassdraget -v2.pdf, Innspel til høyring Valdalsdammen.pdf

Til NVE avd. for damsikkerhet

Viser til tidlegare e-post og etterlyser hermed tilbakemelding på våre spørsmål i e-post datert 7. november, sjå under.

Vi har høyringsfrist 31.10 2024 vedkomande Vilårsrevisjon for Røldal-Suldal Kraft, sak nr. 202320330.

Hydro har også søkt om å byggja om til pumpe- og effektverk.

NB!

Alle desse sakene er sterkt samenvend ift. problematikken med reguleringsmagasina i Røldal og då særleg Valdalen.

Vi vil krevja lågare fylling i Valdalen i sommarmånadene, noko som samsvarer godt med korleis Hydro i praksis har manøvrert magasinet i mange år.

(forslag til manøvreringsreglement inngår i vårt høyringssvar som vil bli sendt til NVE i neste veka)

Ny flaumtunell og tappeluke bør truleg installerast i samspel med ønska nivå for sommarfylling i magasinet.

Fint om vi snarast kan få svar på våre spørsmål og i det minste svar på om våre innspel er mottekne og blir med i vurderinga.

Vi ønskjer også at arbeid på dammen blir koordinert og gjennomført på ein slik måte at det blir til minst mulig ulempe og skade for grunneigarane og allmenn ferdsel.

Dette er presisert i vårt innspel datert 10. september og i oppfordring til Ullensvang kommune datert 22. oktober i år. (kopi av alle innspel er vedlagt)

Med helsing for Røldal grunneigarlag

Olav S. Rabbe

Dam Valdalen i Røldal - sak 202412819

1 e-post

Til: Silvia Gundersen Kristiansen <silk@nve.no>

Kopi: Jakob Fjellanger <jfj@nve.no>

Hei, viser til samtale vedkomande dam Valdalen.
(sjå vekk i frå første e-post i dag, det er ein feilsendt kladd.)

Vi har følgjande spørsmål:

- Kor kan vi finna dei innspela som er levert vedkomande utviding av flaumoverløpet?
- Korleis vurderer NVE flaumfare og nødvendig sikring av infrastruktur i vassdraget?

Stor nok slukevne for overløp på dammen kan sikre sjølve demningen, men ikkje vassdraget vidare nedover dalen.

- Blir slukevne for tunnelen under E134 ved Hølen (det gamle ysteriet) vurdert? (liten margin igjen her under flaumen i 2018)
- Vil det bli stilt krav til flaumdemping i magasinet om hausten?

Søknad om effektverk basert på pumpekraftverk

Vil NVE tillate kombinasjonen pumpe- og effektverk med store nivåendringar i magasinet til alle årstider?

(Hydro-Lyse opplyser at det kan bli inntil 2 meter endring i nivået pr. døgn med pumpekraftverk)

Vil det i så fall bli stilt krav om bygging av ny dam som tåler slik manøvrering?

- Kva med erosjon i magasinet?
- Kva med ras, risiko og fare for allmenn ferdsel i og ved magasinet?
- Kva med vinterferdsel på magasinet?

Dam Valdalen i Røldal - sak sak 202412819

1 e-post

Røldal Grunneigarlag <roldalgrunneigarlag@gmail.com>

7. oktober 2024 kl. 13:16

Til: Silvia Gundersen Kristiansen <silk@nve.no>

Kopi: Jakob Fjellanger <jfj@nve.no>

Vedkomande våre spørsmål oversendt i dag. (sjå eigen e-post)

Ser gjerne at svara tek omsyn til omtalt risiko og manglar ift. vedlagt rapport med Dykkar saksnummer 202108313-2.

Med helsing for Røldal grunneigarlag

Olav S. Rabbe

 **I21-58356-1Svar på Innsynskrav i - 202108313-2 med vedlegg.pdf**
926K

Med helsing for Røldal grunneigarlag

Olav S. Rabbe

telefon 99531685